



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen
Rådgevarar

Dato: 19.12.2011

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref.
08/946-7/N-211, N-210/AMS

Dykkar ref.

Høyring: Nasjonal bestemmelse om lærertetthet - melding om vedtak

Viser til vedlagt utskrift av vedtak.

KS-140/11 VEDTAK:

**Masfjorden kommunestyre sender ei slik høyringsfråsegn til departementet:
Masfjorden kommunestyre er skeptisk til å innføra ein lovfesta minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar. Hovudgrunnen er at ein slik lovendring kan gjera det vanskelegare å rekruttera lærarar til ein kommune som vår. Ei styrking av lærartettleiken i sentrale strøk kan resultera i at utkantkommunar vil måtta tilsetja fleire lærarar utan godkjend utdanning. Då vil ei slik lovendring kunne føra til at læringsresultata ikkje vert betre.**

Det er i seg sjølv positivt at regjeringa vil innføra ein minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar i skulen. Men det må vera ein føresetnad at det følgjer midlar med ei slik reform, slik at tiltaket blir fullfinansiert av staten.

Med helsing

Alf Strand
Rådgevar for oppvekst og kultur

Mottakarar:
Kunnskapsdepartementet

0032 OSLO

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	08.12.2011	140/11	Alf Strand

Arkiv: N-211, N-210	Arkivsaknr.: 08/946
---------------------	---------------------

SAK 140/11 - HØYRINGAR - NASJONAL BESTEMMELSE OM LÆRERTETTHET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre sender ei slik høyringsfråsegn til departementet:

Masfjorden kommunestyre er skeptisk til å innføra ein lovfesta minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar. Hovudgrunnen er at ein slik lovendring kan gjera det vanskelegare å rekruttera lærarar til ein kommune som vår. Ei styrking av lærartettleiken i sentrale strøk kan resultera i at utkantkommunar vil måtta tilsetja fleire lærarar utan godkjend utdanning. Då vil ei slik lovendring kunne føra til at læringsresultata ikkje vert betre.

Finansiering

Ikkje aktuelt

Heimel

KS-140/11 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre sender ei slik høyringsfråsegn til departementet:

Masfjorden kommunestyre er skeptisk til å innføra ein lovfesta minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar. Hovudgrunnen er at ein slik lovendring kan gjera det vanskelegare å rekruttera lærarar til ein kommune som vår. Ei styrking av lærartettleiken i sentrale strøk kan resultera i at utkantkommunar vil måtta tilsetja fleire lærarar utan godkjend utdanning. Då vil ei slik lovendring kunne føra til at læringsresultata ikkje vert betre.

Det er i seg sjølv positivt at regjeringa vil innføra ein minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar i skulen. Men det må vera ein føresetnad at det følgjer midlar med ei slik reform, slik at tiltaket blir fullfinansiert av staten.

Det skjedde i Kommunestyret den 08.12.2011:

Rådgjevar Alf Strand orienterte om høyringsdokumentet.

Han sa at det ligg ingen ting om delingsreglar i dokumentet.

Saka vart drøfta.

Kjetil Fjellby, H, gjorde framlegg om at siste avsnitt på s. 20 i saksutgreiinga vart teke med i vedtaket.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Høgre sitt framlegg.
Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart tilslutt røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegget frå Høgre.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Høgre vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.11.2009	Kunnskapsdepartementet	Høyringsnotat om endringar i barnehagelova - endringar i barnehagelova som fylgje av ny førmålsbestemmelse
2	I	20.10.2010	Kunnskapsdepartementet	Høring fra Kunnskapsdepartementet - forslag til endringer i opplæringslov og privatskolelov - Kompetanseregler m.m.
4	I	25.10.2011	Kunnskapsdepartementet	Høring av framlegg til lov-og forskriftsføresegner om bruk av offentlege tilskot og foreldrebetaling i ikkje-kommunale barnehagar
5	I	03.11.2011	KS	Høring om nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen mm

BAKGRUNN/ FAKTA

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring eit framlegg til endingar i opplæringslova. Det er m.a. framlegg om å innføra nasjonale bestemmelsar om lærartettleik i grunnskulen.

Regjeringa har som mål å lovfesta ei ressursnorm i grunnskulen. Mange store skular i store kommunar har mange elevar pr. lærar både på barnesteget og ungdomssteget. Departementet vil høyra kommunane sitt syn på at det vert innført eit tak på kor mange elevar det kan vera pr. lærar som eit gjennomsnitt. Det vert då nytta eit mål som dei kallar ”berekna gjennomsnittleg gruppestorleik”. Dette talet kjem ein fram til med å dela talet på elevtimar på talet på lærartimar. Då får ein fram kor mange elevar ein lærar har ansvaret for i ein gjennomsnittleg undervisningssituasjon.

På landsbasis er gjennomsnittleg berekna gruppestorleik skuleåret 2010-11 på 17 elevar. Då er timar til spesialundervisning haldne utanfor.

I Masfjorden ligg gruppestorleiken på om lag 8 elevar.

Departementet meiner at framlegget kan føra til betre kvalitet i skulen, sjølv om det ikkje ligg føre mykje forskning som støttar tanken om at færre elevar i ei gruppe fører til meir læring. Departementet framhevar difor at det samstundes med framlegget om å auke lærartettleiken må satsast på m.a. kompetanseheving for lærarar.

Departementet legg fram fleire modellar for ein lovfesta minsteressurs. I desse modellane tek ein utgangspunkt i at talet på elevar pr. lærar skal vera 20, 21 eller 22 elevar pr. lærar på ungdomssteget, 20 elevar på mellomsteget og 15-18 elevar pr. lærar i småskulen. Det vert også drøfta om minsteressursen skal vera på skulen eller i kommunen. Ein minsteressurs for kommunen vil kosta mindre enn om ein skal sjå på elevtalet pr. lærar på kvar einskild skule.

VURDERING

Framlegget til endring i opplæringslova vil i utgangspunktet ikkje få noko å seia for Masfjorden. Me har eit rammetimetal som sikrar god lærardekning. Men dersom framlegget vert vedteke, vil etterspurnaden etter lærarar stiga. Mange kommunar, også vår, har dei siste åra opplevd at talet på søkjarar til ledige lærarstillingar har gått merkbart ned. Dette vil bli forsterka dersom det vert behov for fleire lærarar i sentrale strøk. Departementet er sjølv inne på at framlegget til endringar i lova kan føra til at kommunane kanskje lyt tilsetja lærarar utan godkjend kompetanse. I så fall vil ikkje denne reforma føra til betra læringsresultat for elevane.

Det er i seg sjølv positivt at regjeringa vil innføra ein minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar i skulen. Men det må vera ein føresetnad at det følgjer midlar med ei slik reform, slik at tiltaket blir fullfinansiert av staten.

KONKLUSJON

Masfjorden kommunestyre er skeptisk til å innføra ein lovfesta minsteressurs når det gjeld talet på elevar pr. lærar. Hovudgrunnen er at ein slik lovendring kan gjera det vanskelegare å rekruttera lærarar til ein kommune som vår. Ei styrking av lærartettleiken i sentrale strøk kan resultera i at utkantkommunar vil måtta tilsetja fleire lærarar utan godkjend utdanning.

